**Fra:** Trude Brosvik [Trude.Brosvik@gulen.kommune.no]
**Til:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]
**Kopi:** Jenny Ellaug Følling [jenny.folling@sfj.no]
**Sendt:** 06.08.2018 15:25:22
**Emne:** Spørsmål til fylkesordføraren
**Vedlegg:**

Dette er eit spørsmål som eg håpar vi kan få ei orientering om på neste fylkesutvals-møte:

Drosjeløyve og innkjøp av tenester.

Før sommaren hadde vi fleire behandlingar av sak om drosjeløyve i Aurland, og om bedrifter som ville nytte eigne bilar til frakting av passasjerar, kombinert med guiding, skulle få lov å gjere det. Eller om dei skulle vere nøydd å nytte drosje til dette.

Det politiske fleirtalet ville i utgangspunktet ikkje opne for å nytte eigen transport.
Felles for oss alle var det, i alle fall slik eg opplevde det, viktig å ta omsyn til at dei lokale drosjene hadde nok trafikk til at dei kunne oppretthalde drifta. Tilgang på lokal drosje er ei svært viktig teneste i kommunane våre.

I Firda for 04.august står det om eit drosjeløyve som er lagt ned pga konkurs. Fylkeskommunen opplyser i same stykket om at dette ikkje vil skape vanskar for skulekøyring, for det er ein del av avtalen med Firda Billag, og dei har underleverandørar.

Eg får opplyst frå ein som er i næringa at fylkeskommunen ikkje har stilt krav om at desse underleverandørane skal vere lokale drosjar, og at det i fleire høve vert nytta vanlege personar med privatbil.

Første spørsmål er om denne opplysninga stemmer.

I så fall meiner eg fylkeskommunen må sjå på praksisen sin når ein inngår avtalar.
Vi kan i alle fall ikkje kome i ein situasjon der vi stiller strengare krav til små næringsaktørar og pålegg dei å kjøpe drosjetenester, viss ikkje gjer det same på våre eigne behov.

KrF meiner lokale drosjetenester er viktige og fylkeskommunen bør derfor, så langt lova opnar for det, kjøpe både skulerutetenester, sørvisskyss og TT-transport på ein måte som støttar drosja som samfunnsaktør.

Mvh
Trude Brosvik
Gruppeleiar for KrF